

## REFERAT FRÅ MØTE I FFU

**FREDAG 16.10.2015 KL. 13.15 – 14.30**

**Til stades:** Tor Trolie (leiar), Helge Sandøy, Henning Laugerud, Anne Beate Maurseth, Erik Bjerck Hagen, Sunniva P. Johansen og Trude Bukve (for Synne Ytre Arne).

**Fråfall:** Torodd Kinn

**Skrivar:** Anne Berit Apold

### Saker:

- I. Godkjenning av innkalling – Innkallinga vart godkjent.  
Det var ingen merknader til innkallinga.
- II. Framlegging av referat frå møtet 23.4.2015
- III. Orienteringssaker
  - Anne Beate Maurseth orienterte om det ved UiB er sett ned eit utval som skal jobba med temaet rettleiaropplæring på ph.d.-nivå. Maurseth sit sjølv i dette utvalet. Rapport skal føreliggja i februar 2016.

### **12. Informasjon om nytt forskarutdanningstilbod ved IF og LLE – orienteringssak**

Tor orienterte kort om dei tre forskarutdanningstilboda som er etablert i samarbeid med IF. I forskarutdanningstilbodet i fagdidaktikk skal Endre Brunstad vera leiar saman med Aud S. Skulstad frå IF.

### **13. Retningsliner for avslutningsseminar/meisterklasse ved LLE**

Det var semje i FFU om at avslutningsseminar er eit godt tiltak, men det kom fram fleire forslag synspunkt som det var semje om å innarbeida i teksten:

- Seminaret, slik som det er skildra, høver best for dei som skriv monografiar. For dei som skriv artikkelbasert avhandling er det naturleg at eit avslutningsseminar i hovudsak tek opp kappa/samanskivinga.

- Det er viktig å sikra at eit slikt seminar ikkje vert forstått som ei førehandsgodkjenning av avhandlinga. Seminaret skal ikkje ha nokon formell status. Omgrepet «opponent» bør bytast ut.
- Skal seminaret vera obligatorisk? I fyrste vert seminaret etablert som tilbod for stipendiatane.
- Seminaret bør vera ei vurdering av heilskapen i prosjektet. Ein treng ikkje fokusera på sidetal, men kan t.d. gjennomføra seminaret når 2/3 av avhandlinga ligg føre. Tidsmessig kan ein tenkja seg at seminaret vert lagt semesteret før planlagt innlevering/5-6 månader før planlagt innlevering.

Det var semje om at synspunkta som kom fram i møtet vert innarbeid i utkastet og at nytt utkast til retningslinjer skal leggast fram for FFU.

#### **14. Rekruttering av stipendiatar**

Tor informerte kort om at det er viktig for instituttet å ha høve til å sikra rekruttering av stipendiatar til særskilde fag eller fagområder. Han informerte om at instituttet i framtida vil få færre stipendiatheimlar sidan fakultetet vil knyta stipendiatheimlar til større forskingsprosjekt. Moment frå ordskiftet:

- Må vera varsam slik at ein ikkje forsterkar fakultetet sin strategi ved utlysing av stipendiatstillingar på instituttet.
- Viktig å få meir bakgrunnsinformasjon inkludert talmateriale før ein kan ta stilling til saka. Det må òg klargjerast kor lenge ein slik policy skal vara.

#### **Vedtak:**

FFU anbefaler at det utarbeides nye retningslinjer i utlysingen av stipend som kan ivareta instituttets behov for prioritering av fag eller fagområder. Et eksempel på en slik prioritering kan være: Under ellers like vilkår vil søkere innen fagene x, y, z bli prioritert.

#### **15. Høyring – mentorordning for stipendiatar som underviser og sensurerer**

FFU hadde ei grundig drøfting av saka, og det vert her referert synspunkt frå ordskiftet:

- Stipendiatane sitt behov for opplæring/støtte i samband med undervising vil variere. Mange av stipendiatane ved LLE har røynsle frå undervising (forelesingar, kollokvieleiing) frå tidlegare.

- Stipendiatane har tilbod om kurs i universitetspedagogikk (5 SP) og det er viktig å både informera om og oppmoda dei til å følgja dette kurset.
- Emneansvarleg er ansvarleg for all undervising på eit emne, og det er naturleg at emneansvarleg vert nytta som ressurs når stipendiatane planlegg undervising i eit emne. Fagkoordinator er òg ein ressurs som stipendiatane kan støtta seg til.
- Mentorordning for stipendiatar har vore drøfta på ulike fakultetet ved UiB. Mentor for stipendiatar kan ideelt sett vera ei god ordning, men dette krev ei større og grundigare utgreiing og drøfting.
- Det vil vera praktiske utfordringar knytt til forslaget om at stipendiatar skal kunna vera observatør på munnleg eksamen.
- Stipendiatar brukar nok lenger tid på sensur enn dei som er meir erfarne, og det vil vera rimeleg å oppjuster førebuingfaktor for stipendiatane.
- Stipendiatane sensurerer alltid saman med ein meir erfaren sensor som dei vil kunna støtta seg til.

Det var brei semje i FFU om dei synspunkta som vart fremja i møtet. Det vart ikkje gjort noko vedtak i denne saka, men ein kan seia at FFU ved LLE meiner at det som STIP-HF etterspør i stor grad er ivaretatt i dei ordningane som allereie finst. FFU ser ikkje at det skal vera behov for å etablere nye ordningar eller formalisere kontakten mellom stipendiatane og resten av fagmiljøet. Stipendiatane må sjølv vera aktive å nytta dei ordningane og støttefunksjonane som allereie er etablert. FFU er positiv til at førebuingfaktorar for stipendiatane sitt arbeid med undervising og sensur vert oppjustert.

## 16. Ymse

- **Stipendiatheimlar**

Tor Trolie informerte om at stipendiatheimlar som vert ledige i 2016 vil verta trekt inn til fakultetet.

- **Miljø for å søkja ekstern finansiering**

Helge Sandøy påpeikte at det er viktig å søkja eksterne midlar mellom anna for å få fleire stipendiatar til instituttet. Ein må skapa eit miljø for dette på instituttet, og Sandøy oppmoda instituttleiinga om å engasjere seg i dette.

23.10. 2015

Anne Berit Apold  
skrivar